



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 29.10.2020
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 12:00 - 17:30

Det var spørjetime kl. 12:00. Det var tre spørsmålstillarar.

I ordførar Sara Hamre Sekkingstad sitt fråver vart møtet leia av varaordførar Øyvind Oddekalv. Jostein Hellestveit vart valt til settevaraordførar.

Dei ti representantane som er valde inn for FNB Alver, har meldt seg ut og stilte i kommunestyret som uavhengige representantar.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Liv Høpland van der Kooij	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordførar
Nina Bognøy	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Thea Risøy	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Thomas Larsen	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Henning Fyllingsnes	H	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Thore Helland	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Heine Fyllingsnes	UAVH	Medlem
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Harald Breivik – perm. etter sak 123/20	UAVH	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Maya Riise	MDG	Medlem
Sveinung Toff	V	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordførar
Morten Klementsens	UAVH	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Bratshaug	UAVH	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Jon Askeland
Olav Steinar Namtvedt	SP	Sara Hamre Sekkingstad
Erlend Nævdal	UAVH	Morten Klementsens
Ole-Chistian Dale	FNB	Hege Nygård Dale
Aasmund Karlsen - frå sak 124/30	UAVH	Harald Breivik- permisjon etter sak 123/20
Esben Andrè Helland	FRP	Øyvind Bratshaug
Tommy Tjensvold Øvretveit	FRP	Nina Stabell Øvreås
Øystein Nigar	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møte:

Ørjan Raknes Forthun-rådmann, Martin Kulild-assisterande rådmann, Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling, Anny Bastesen-kommunalsjef teknisk forvaltning og drift, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Eirik B. Utne-kultursjef, Janne Sund-

kommunalsjef økonomi, Kristin Nåmdal-leiar Plan og analyse, Line M. Valle-leiar Eigeidsforvaltning og prosjekt, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse, Nora Gjerde-konsulent, Arthur Kleiveland-konsulent

Arngunn Haga i NAV Alver orienterte om NAV sine sosiale tenester og tilbod som ei oppfølging/tilbakemelding på ein interpellasjon i kommunestyret.

Sakliste

Saknr	Tittel
109/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
110/20	Godkjenning av møteprotokoll
111/20	Melding/orientering frå kontrollutvalet 29.10.2020
112/20	Risiko- og vesentlegvurdering – plan for eigarskapskontroll
113/20	Risiko- og vesentlegvurdering – plan for forvaltningsrevisjon
114/20	Ny samarbeidsavtale Bergen og omland friluftsråd
115/20	Områderegulering Midtmarka og Rotemyra-vidare framdrift etter 1. gangs høyring og offentleg ettersyn
116/20	Klage og endringsframlegg til detaljplan Feste kai- og næringsområde - PlanID 1263-201609
117/20	Temaplan vatn og avløp
118/20	Temaplan trafikksikring
119/20	Temaplan veg- og infrastruktur
120/20	Tilleggsfinansiering - Prosjekt 34002 Meland Vassbehandlingsanlegg - Myrvollane
121/20	Endring av reglement for finans- og gjeldsforvaltning
122/20	2.tertialrapport
123/20	Ny organisering Nordhordland digitalt
124/20	Alver kommune si interne organisering i arbeidet med byvekstavtalen
125/20	Endring av reglement for politisk styringsstruktur
126/20	Politisk møteplan 2021
127/20	Stillingsstopp
128/20	Kommunalt tilskot til politiske parti
129/20	Val av 3.vara til forliksrådet for Alver og Modalen
130/20	Ungdomsråd - val av medlem og vara frå Danielsen ungdomsskule og Knarvik ungdomsskule
131/20	Melding/orientering til kommunestyret 29.10.2020

109/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Nina Bognøy (AP) peika på at nettilgangen til tider er for ustabil i politiske møte.

Møteleiar Øyvind Oddekalv ba rådmannen sjå på kva som skal til for å retta opp i forholda.

Stian Lavik (KRF) peika på at rådmannen sitt framlegg står først i alle saksutgreiingar, også når politiske organ har handsama saka og har gjort vedtak. Lavik ber om at gjeldande politiske innstillingar må setjast fremst.

Møteleiaren ber om at Politisk sekretariat merkar seg dette.

Kommunestyret godkjende samrøystes innkalling og saksliste vert godkjend, med tillegg sett fram i møte

KO- 109/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

110/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Kommunestyret godkjende samrøystes møteprotokollen.

KO- 110/20 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

111/20: Melding/orientering frå kontrollutvalet 29.10.2020

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Kommunestyret tok samrøystes meldinga til orientering.

KO- 111/20 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

112/20: Risiko- og vesentlegvurdering – plan for eigarskapskontroll

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område

- prioritert:

1. Generell eigarstyring

- uprioritert:

- o Næringsutvikling
- o Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Ståle Hauge (AP) sette fram følgjande framlegg:

Kommunestyret utset saka til neste møte. Kommunestyret ber om at revisor kjem og gjer greie i saka og svarar på spørsmål.

Kommunestyret vedtok samrøystes utsetjingsframlegget til Ståle Hauge.

KO- 112/20 Vedtak:

Kommunestyret utset saka til neste møte. Kommunestyret ber om at revisor kjem og gjer greie i saka og svarar på spørsmål.

113/20: Risiko- og vesentlegvurdering – plan for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Innkjøp (inkludert sosial dumping)
3. Beredskap; hendingar og katastrofar
4. Personvern og informasjonstryggleik
5. Habilitet
6. Økonomisk bærekraft og økonomistyring

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

May-Irene Wergeland (SP) ba om forlenga taletid utover innlegg på tre minutt i viktige saker, og viste til at det er det opning for i det politiske reglementet. Ho gjorde framlegg om 7 og eit halvt minutt taletid i sak 113/20. Møteleiar Øyvind Oddekalv (AP) sette fram framlegg om inntil fem minuttars taletid. Wergeland trekte framlegget sitt.

Møteleiar sitt framlegg vart vedteke med 33 røyster mot 14 røyster (H, FRP, 1 KRF, 2 AP, 2 UAVH).

På vegne av dei fire samarbeidspartia H, SP, AP, KRF, og FRP sette Nils Marton Aadland (H) fram følgjande endringsframlegg:

Prioritet 6 (Økonomisk bærekraft og økonomistyring) blir endra til prioritet nummer 2. Dei øvrige prioriteringane blir endra som konsekvens av dette.

På vegne av AP, KRF og H sette Øyvind Oddekalv fram følgjande tilleggsframlegg:

Kommunestyret ønskjer at forvaltningsrevisjonen innan oppvekst og tidleg innsats m.a. skal ha fokus på korleis opplæringslova § 9 A og arbeidsmiljølova knytt til dette området blir praktisert i Alver-skulen.

May-Irene Wergeland sette på vegne av SP fram følgjande tilleggsframlegg:

Kommunestyret ynskjer at revisjonen innan oppvekst og tidleg innsats sikrar ein revisjon av praksis i saker der opplæringslova § 9 A 5 og arbeidsmiljølova, samt eventuelt andre lover, kjem til anvending. Revisjonen ser på handteringa av slike saker i dei ulike kommunane frå innføringa av lova i 1.8.2017 og fram til no.

Røysting:

Endringsframlegg frå dei fire samarbeidspartia H, SP, AP, KRF, og FRP, vart vedteke med 45 røyster mot 2 røyster (2 Uavhengige).

Tilleggsframlegget frå AP, KRF, H og og FRP vart sett opp mot tilleggsframlegget frå SP. Framlegget frå AP/KRF/H/FRP fekk 25 røyster (AP, KRF, AP, H, FRP, V, R), medan tilleggsframlegget frå SP fekk 22 røyster (SP, UAVH, SV, MDG).

KO- 113/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande endring: Prioritet 6 (Økonomisk bærekraft og økonomistyring) blir endra til prioritet nummer 2. Dei øvrige prioriteringane blir endra som konsekvens av dette.

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Økonomisk bærekraft og økonomistyring
3. Innkjøp (inkludert sosial dumping)
4. Beredskap; hendingar og katastrofar
5. Personvern og informasjonstryggleik
6. Habilitet

Kommunestyret ønskjer at forvaltningsrevisjonen innan oppvekst og tidleg innsats m.a. skal ha fokus på korleis opplæringslova § 9 A og arbeidsmiljølova knytt til dette området blir praktisert i Alver-skulen.

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

114/20: Ny samarbeidsavtale Bergen og omland friluftsråd Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune sluttar seg til den nye samarbeidsavtalen og at den trer i kraft 1. januar 2021. Videre vert det stadfesta at kommunen sin representant med tilhøyrande vararepresent til årsmøtet også skal vera kommunen sin representant og vararepresentant i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap (BOF).

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 13.10.2020: Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 055/20 innstilling:

Alver kommune sluttar seg til den nye samarbeidsavtalen og at den trer i kraft 1.januar 2021. Videre vert det stadfesta at kommunen sin representant med tilhøyrande vararepresent til årsmøtet også skal vera kommunen sin representant og vararepresentant i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap (BOF).

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Handsaming:**

Øyvind Oddekalv (AP) er styremedlem i Bergen og Omland friluftsråd og sa seg inhabil i denne saka. Kommunestyret erklærte Oddekalv inhabil (Forvaltningslova § 6 e) nr 2, og han deltok ikkje i handsaminga av denne saka.

Settevaraordførar Jostein Hellestveit (SP) tok over som møteleiar i saka.

Kommunestyret vedtok samrøystes Utval for oppvekst, kunnskap og kultur si innstilling.

KO- 114/20 Vedtak:

Alver kommune sluttar seg til den nye samarbeidsavtalen og at den trer i kraft 1.januar 2021. Vidare vert det stadfesta at kommunen sin representant med tilhøyrande vararepresentant til årsmøtet også skal vera kommunen sin representant og vararepresentant i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap (BOF).

115/20: Områderegulering Midtmarka og Rotemyra-vidare framdrift etter 1. gangs høyring og offentlig ettersyn**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret utsett det vidare arbeidet med områderegulering Midtmarka og Rotemyra, planid 1256-20150002. Arealbruken innanfor planområdet blir vurdert på nytt i samband med kommuneplanprosessen for Alver.

Utval for areal, plan og miljø 14.10.2020:**Handsaming:****Framlegg frå Anne Grete Eide-AP:**

Utgreiing: Kommunestyre i Meland vedtok i møte 15.10.2014, sak 59/2014, oppstart av ein offentlig områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Utvikling av Midtmarka har vore eit tema i Meland kommune sidan 1970 talet , mange planar har vore utarbeida, men av ulike grunnar har ingen vorte realisert. I gjeldane arealdel til kommuneplanen (2005-2017) er Midmarka, Rotemyra og Håøya sett av tilområde som skal regulerast.

Formannskapet i Meland vedtok oppstart av planarbeidet 11.03.2015

Forslag til reguleringsplan vart sendt ut til 1 gongs handsaming 19.09.2019

APM Meinat det er positivt at Meland kommune har utarbeidd ei områderegulering som legg grunnlag for utvikling av eit meir kompakt og urbant område med bustader, handel- og tenestetilbod, og andre funksjonar. Utvikling av kompakte og attraktive byar og tettstader med minska transportbehov, er i tråd med føringar i statslege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, og i nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023.

Boliger og arbeidsplasser bør lokaliseres nær jernbanestasjonar og viktige bussholdeplasser, det vi kallar kollektivknutepunkt, og vi må bygge mer, høyere og tettere rundt dem. På den måten legges det til rette for at folk kan bruke kollektivtransport, sykle og gå dit de skal i hverdagen. Her kommer byvekstavtalene inn, med forpliktende samarbeid om arealbruk og finansiering av miljøvennlig transport mellom stat, fylkeskommuner og kommuner.

Denne planen legger til rette for at fremtidige beboere i området vil ha større muligheter til å velge andre fremkomstmidler enn bil.

APM har i sin vurdering lagt vekt på at Midmarka og Rotemyra ligg i direkte nærleik til Knarvik sentrum, som er definert som regionalt senter i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Det er gangavstand mellom eksisterande senter og planområdet. I tråd med Regional plan for areal- og transport i Bergensområdet 2017 – 2028 skal dei regionale sentra leggje til rette for at tenester, handel, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod blir lokalisert saman for å skape best mogeleg tilbod for innbyggjarane.

Utvalet har og lagt vekt på behovet for å legge til rette for utvikling av eit meir kompakt og urbant område med bustader, handel- og tenestetilbod, og andre funksjonar. Utvikling av kompakte og attraktive byar og tettstader med minska transportbehov, er i tråd med føringar i statslege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, og i nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023.

Forslag til vedtak Anne Grete Eide AP

APM rår til at kommunestyre ber administrasjonen legg fram eit reguleringsresultat som hensynstek motsegna spesielt frå Fylkesmannen og Statens vegvesen.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Anne Grete Eide-Ap, Ingrid Fjeldsbø-H, Henning Fyllingsnes-H)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Sveinung Toft-V:

Tilleggs punkt til rådmannen sitt forslag til vedtak:

Midtmarka er eit svært verdifullt friluftsområde som saman med indre deler av Flatøyosen og Håøya representere eit unikt og intakt fjordlandskap sentralt i Alver kommune. Dette området bør sikrast som friluftsområde for ettertida og verta innlemma i det statlege friområdet ved Håøy.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Sveinung Toft-V, Ståle Hopland-Fnb, Heine Fyllingsnes-Fnb)

Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:

Tilleggs framlegg til rådmannen sitt vedtak Sak 141/20:

Området Midtmarka/Rotemyra er ein viktig plan for å utvikla området som bolig- og næringsområde. Området ligg i ein sentral del av kommunen og ligg i forlengelsen av regionsentert Knarvik, og vil kunna skapa gode buvekstvilkår og arbeidsplassar, samt skapa gode møteplassar i nærmiljøet.

Det er særskild viktig at området blir fulgt godt opp når ein startar arbeidet med KPA-prosessen i Alver

Framlegget vart vedteke med 6 røyster mot (Sveinung Toft-V, Ståle Hopland-Fnb, Heine Fyllingsnes-Fnb)

Saksopplysning/tillegg til sak 141/20 Områdeplan Midtmarka og Rotemyra

I APM møte 14. oktober orienterte Statens vegvesen utvalet om pågåande planarbeid med kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Vegdirektoratet har handsama søknad om fråvik frå krav til avstand mellom kryss på E39. Konklusjonen frå Vegdirektoratet er at kryss på Flatøy nord ligg for nært til både kryss i Knarvik og kryss på Flatøy sør. Statens vegvesen vil difor ikkje legge inn kryss på Flatøy nord i kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen.

APM- 141/20 innstilling:

Kommunestyret utsett det vidare arbeidet med områderegulering Midtmarka og Rotemyra, planid 1256-20150002. Arealbruken innanfor planområdet blir vurdert på nytt i samband med kommuneplanprosessen for Alver.

Området Midtmarka/Rotemyra er ein viktig plan for å utvikla området som bolig- og næringsområde. Området ligg i ein sentral del av kommunen og ligg i forlengelsen av regionsentert Knarvik, og vil kunna skapa gode buvekstvilkår og arbeidsplassar, samt skapa gode møteplassar i nærmiljøet.

Det er særskild viktig at området blir fulgt godt opp når ein startar arbeidet med KPA-prosessen i Alver.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

På vegne av partia MDG, V, Raudt og SV sette Andre Fresvik (SV) fram følgjande framlegg:

Kommunestyret ber administrasjonen avslutte arbeidet med områderegulering Midtmarka og Rotemyra, planid 1256-20150002.

Grunngjeving:

Grunnlaget for å byggje ut Midtmarka er drastisk endra sidan planoppstart:

- Midtmarka og Rotemyra er no ein del av storkommunen Alver og må sjåast i samband med arealdisponeringa i heile Alver.
- Folketalsveksten har flata ut.
- Bustadreservane i dei sentrale områda Knarvik og Frekhaug er store frå før av.
- UNESCO biosfæreområde Nordhordland er etablert. Midtmarka med Flatøyosen er innfallsporten til biosfæreområdet frå sjø og land.
- Nyetablert infrastruktur som parkeringsplass og busstopp ved E39 har gjort at bruken av Midtmarka til friluftsliv og rekreasjon er veksande.
- Verdien av dette unike og intakte fjordlandskapet, historisk, kulturelt, for undervisning, friluftsliv og sport, har blitt meir aktualisert dei siste åra og dermed viktigare å vektleggje.

På vegne av AP/H sette Anne Grete Eide (AP) fram følgjande framlegg:

Kommunestyret ber rådmannen arbeide vidare med områderegulering Midtmarka-Rotemyra, planid 1256-20150002 og vurdere innkomne merknader frå både offentlege og private aktørar.

Jostein Hellestveit (SP) fremja rådmannen sitt framlegg på nytt.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget frå SV/V/MDG/R - sett fram av Andre Fresvik. Framlegget fekk 16 røyster og fall (UAVH, V, SV, MDG, Raudt).

Så vart det røysta over framlegget frå AP/H - sett fram av Anne Grete Eide. Framlegget fekk 16 røyster og fall (6AP, 6H, 1KRF, FRP).

Rådmannen sitt framlegg - som er identisk med punkt 1 i APM si innstilling, fremja på nytt av Jostein Hellestveit (SP), vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 i APM si innstilling fekk 19 røyster og fall (4KRF, 6AP, 6H, FRP).

KO- 115/20 Vedtak:

Kommunestyret utset det vidare arbeidet med områderegulering Midtmarka og Rotemyra, planid 1256-20150002. Arealbruken innanfor planområdet blir vurdert på nytt i samband med kommuneplanprosessen for Alver.

116/20: Klage og endringsframlegg til detaljplan Feste kai- og næringsområde - PlanID 1263-201609

Utval for areal, plan og miljø 14.10.2020:

Handsaming:

Endring i rådmannen sitt framlegg:

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 005/20, datert 20.02.2020, vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 139/20 innstilling:

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 005/20, datert 20.02.2020, vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga frå APM.

KO- 116/20 Vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følge og vedtak i sak 005/20, datert 20.02.2020, vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

117/20: Temaplan vatn og avløp

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner temaplan for vatn og avløp for perioden 2021-2022. Temaplanen samanstillar og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse.

Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

Utval for næringsutvikling og drift 14.10.2020:

Handsaming:

Leiar forvaltning avløp, Arne Helgesen, orienterte om temaplan vatn og avløp og svara på spørsmål.

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande alternativt framlegg til innstilling i saka:

Kommunestyret godkjenner temaplan for vatn og avlaup for perioden 2021-2022, med unntak av kapittel 4.3.1 "Nytt avlaupsrensaneanlegg på Kvasneset" og andre avsnitt og kommentarar i planframlegget som omhandlar dette. Pågåande planar for dette avlaupsrensaneanlegget må stansast. Kommunestyret ønskjer ein god og grundig prosess når ein skal byggje eit slikt anlegg og ønskjer at fleire lokasjonar for reinseanlegg må vurderast og kartleggjast, og det må utarbeidast ei eiga konsekvensutgreiing, mellom anna med tanke på støy og luktproblematikk. Det økonomiske grunnlaget må også grundig vurderast då dette er eit anlegg som vert finansiert etter sjølvkostprinsippet, og det er abonnentane som vert belasta med gebyr. Kommunestyret meiner at eit så stort prosjekt må få sin eigen detaljplan og handsamast som eiga sak.

Temaplanen samanstillar og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse.

Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

Lavik sitt alternative framlegg vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Lavik sitt framlegg fekk sju røyster og vart samrøystes vedteke.

ND- 067/20 innstilling:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande innstilling i sak 067/20 - Temaplan vatn og avløp:

Kommunestyret godkjenner temaplan for vatn og avlaup for perioden 2021-2022, med unntak av kapittel 4.3.1 "Nytt avlaupsrensaneanlegg på Kvasneset" og andre avsnitt og kommentarar i planframlegget som omhandlar dette. Pågåande planar for dette avlaupsrensaneanlegget må stansast. Kommunestyret ønskjer ein god og grundig prosess når ein skal byggje eit slikt anlegg og ønskjer at fleire lokasjonar for reinseanlegg må vurderast og kartleggjast, og det må utarbeidast ei eiga konsekvensutgreiing, mellom anna med tanke på støy og luktproblematikk. Det økonomiske grunnlaget må også grundig vurderast då dette er eit anlegg som vert finansiert etter sjølvkostprinsippet, og det er abonnentane som vert belasta med gebyr. Kommunestyret meiner at eit så stort prosjekt må få sin eigen detaljplan og handsamast som eiga sak.

Temaplanen samanstiller og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse.
Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga frå Utval for næringsutvikling og drift.

KO- 117/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner temaplan for vatn og avlaup for perioden 2021 - 2022, med unntak av kapittel 4.3.1 "Nytt avlaupsreinsanlegg på Kvasneset" og andre avsnitt og kommentarar i planframlegget som omhandlar dette. Pågåande planar for dette avlaupsreinsanlegget må stansast.

Kommunestyret ønskjer ein god og grundig prosess når ein skal byggje eit slikt anlegg og ønskjer at reinsanlegg må vurderast og kartleggjast, og det må utarbeidast ei eiga konsekvensutgreiing, mellom anna med tanke på støy og luktproblematikk. Det økonomiske grunnlaget må også grundig vurderast då dette er eit anlegg som vert finansiert etter sjølvkostprinsippet, og det er abonnentane som vert belasta med gebyr.

Kommunestyret meiner at eit så stort prosjekt må få sin eigen detaljplan og handsamast som eiga sak. Temaplanen samanstiller og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse.

Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

118/20: Temaplan trafikksikring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner temaplan for trafikksikring for perioden 2021-2022. Temaplanen samanstiller og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse.

Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

Utval for areal, plan og miljø 14.10.2020:

Handsaming:

Orientering til saka v/Line M.Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 143/20 innstilling:

Kommunestyret godkjenner temaplan for trafikksikring for perioden 2021-2022. Temaplanen samanstiller og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse.

Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Leif Taule (SP) sette fram følgjande framlegg:

Kommunestyret godkjenner temaplan for trafikksikring for perioden 2021-2022 med nødvendig oppdatering i vedlegg 1 for tidlegare Radøy kommune, der utgangspunktet skal vera kommunestyret sitt vedtak i revidert handlingsplan for trafikksikring - frå desember 2018. Temaplanen samanstiller og vidarefører tilsvarande planar, godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse.

Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

Malin Andvik (KRF) sette fram følgjande framlegg:

Kommunestyret utset saka og sender den tilbake til utval for Areal, plan og miljø, før den blir tatt opp i kommunestyret.

Kommunestyret vedtok samrøystes utsetjingsframlegget.

KO- 118/20 Vedtak:

Kommunestyret utset saka og sender den tilbake til utval for Areal, plan og miljø, før den blir tatt opp i kommunestyret.

119/20: Temaplan veg- og infrastruktur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner temaplan for veg og infrastruktur for perioden 2021-2022. Temaplanen samanstiller og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse. Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

Utval for næringsutvikling og drift 14.10.2020:

Handsaming:

Tenesteleiar for eigedomsforvaltning, Line Valle, orienterte og svarta på spørsmål.

Utvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 068/20 innstilling:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande innstilling i sak 068/20 - Temaplan veg og infrastruktur:

Kommunestyret godkjenner temaplan for veg og infrastruktur for perioden 2021-2022. Temaplanen samanstiller og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse.

Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga frå Utval for næringsutvikling og drift.

KO- 119/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner temaplan for veg og infrastruktur for perioden 2021-2022. Temaplanen samanstiller og vidarefører tilsvarande planar godkjent kvar for seg av dei tidlegare kommunestyra, og erstatter desse. Årlege handlingsplanar med prioritering av tiltak skal følgje rammene i vedtatt årsbudsjett.

120/20: Tilleggsfinansiering - Prosjekt 34002 Meland Vassbehandlingsanlegg - Myrvollane

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for prosjekt 34002 Hestdal vassbehandlingsanlegg – Myrvollane med kr 23,3 mill eks mva. Budsjettauka er på kr 6,7 mill eks mva og vil kome i 2021. Budsjettet skal fordelast slik:

- 2020: Vatn: kr 14,6 mill eks mva. Avløp: kr 2 mill eks mva.
- 2021: Vatn kr 6 mill eks mva. Avløp: kr 1,8 mill eks mva.»

Alver formannskap 15.10.2020:**Handsaming:**

Feil sum: budsjettauka er på 7,8 mill eks mva og vil koma i 2021.
Tillegg. Finansiering vert tatt inn i budsjett 2021.

Rådmannen sitt framlegg med endring og tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 091/20 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for prosjekt 34002 Hestdal vassbehandlingsanlegg – Myrvollane med kr 23,3 mill eks mva. Budsjettauka er på kr 7,8 mill eks mva og vil kome i 2021. Budsjettet skal fordelast slik:

- 2020: Vatn: kr 14,6 mill eks mva. Avløp: kr 2 mill eks mva.
- 2021: Vatn kr 6 mill eks mva. Avløp: kr 1,8 mill eks mva.»

Finansiering vert tatt inn i budsjett 2021.

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling.

KO- 120/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for prosjekt 34002 Hestdal vassbehandlingsanlegg – Myrvollane med kr 23,3 mill eks mva. Budsjettauken er på kr 7,8 mill eks mva og vil kome i 2021.

Budsjettet skal fordelast slik:

- 2020: Vatn: kr 14,6 mill eks mva. Avløp: kr 2 mill eks mva.
- 2021: Vatn kr 6 mill eks mva. Avløp: kr 1,8 mill eks mva.

Finansiering vert tatt inn i budsjett 2021.

121/20: Endring av reglement for finans- og gjeldsforvaltning**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert oppdatert ihht vedlagte framlegg datert 06.10.2020.

Alver formannskap 15.10.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 093/20 innstilling:

Alver kommune sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert oppdatert ihht vedlagte framlegg datert 06.10.2020.

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling.

KO- 121/20 Vedtak:

Alver kommune sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert oppdatert ihht vedlagte framlegg datert 06.10.2020.

122/20: 2.tertialrapport

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2020 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2020 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar) og oversyn disposisjonsfond, punkt 2.7.
3. Flyktningefond (frå tidligere Meland kommune) var i opningsbalansen til Alver kommune definert som bunde fond. Dette fondet skal være oppført i balansen som disposisjonsfond (fritt fond), og vert per 2. tertial flytta og inngår i generelt disposisjonsfond.
4. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2020 slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda).
5. Dei ulike postane i oppsettet under kapittel 4, koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med oppsettet (både sentrale postar og driftsposter). Rådmannen får fullmakt til å fordele budsjettjusteringane i samsvar med. Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere seinare endringar i samsvar med nye finansieringspakker vedtatt i stortinget. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap.
6. Kyrkeleg fellestråd har søkt om tilskot til dekking av ekstra kostnader knytt til korona. Rådmannen rår til at dette vert gitt som ein eingongsløyving og at 374 000 kr vert innarbeidd i Koronarekneskapen.
7. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2020 slik det går fram av investeringsoversikt som synar mindre/ meirforbruk, jmf. Kapittel 7.
8. Finansrapport, kapittel 8 vert tatt til orientering.

Alver formannskap 15.10.2020:

Handsaming:

Orientering til saka ved økonomisjef Janne Sund

Tilleggsframlegg frå Sp, Ap, Krf og H ved N.M.Aadland-H:

1. Kommunestyret ser svært alvorleg på den økonomiske utviklinga i kommunen. Det blir presisert at årsbudsjett er eit overordna styringsverktøy, og det blir forventa at dette blir lagt grunn i heile organisasjonen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 094/20 innstilling:

1. Kommunestyret ser svært alvorleg på den økonomiske utviklinga i kommunen. Det blir presisert at årsbudsjett er eit overordna styringsverktøy, og det blir forventa at dette blir lagt grunn i heile organisasjonen.
2. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2020 til orientering.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2020 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar) og oversyn disposisjonsfond, punkt 2.7.
4. Flyktningefond (frå tidligere Meland kommune) var i opningsbalansen til Alver kommune definert som bunde fond. Dette fondet skal være oppført i balansen som disposisjonsfond (fritt fond), og vert per 2. tertial flytta og inngår i generelt disposisjonsfond.
5. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2020 slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda).

6. Dei ulike postane i oppsettet under kapittel 4, koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med oppsettet (både sentrale postar og driftsposter). Rådmannen får fullmakt til å fordele budsjettjusteringane i samsvar med. Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere seinare endringar i samsvar med nye finansieringspakker vedtatt i stortinget. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap.
7. Kyrkeleg fellesråd har søkt om tilskot til dekking av ekstra kostnader knytt til korona. Rådmannen rår til at dette vert gitt som ein eingongsløyving og at 374 000 kr vert innarbeidd i Koronarekneskapen.
8. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2020 slik det går fram av investeringsoversikt som synar mindre/ meirforbruk, jmf. Kapittel 7.
9. Finansrapport, kapittel 8 vert tatt til orientering.

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Rådmann Ørjan Forthun Raknes orienterte i saka.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling.

KO- 122/20 Vedtak:

1. Kommunestyret ser svært alvorleg på den økonomiske utviklinga i kommunen. Det blir presisert at årsbudsjett er eit overordna styringsverktøy, og det blir forventa at dette blir lagt grunn i heile organisasjonen.
2. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2020 til orientering.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2020 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar) og oversyn disposisjonsfond, punkt 2.7.
4. Flyktingefond (frå tidlegare Meland kommune) var i opningsbalansen til Alver kommune definert som bunde fond. Dette fondet skal vere oppført i balansen som disposisjonsfond (fritt fond), og vert per 2. tertial flytta og inngår i generelt disposisjonsfond.
5. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2020 slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda).
6. Dei ulike postane i oppsettet under kapittel 4, koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med oppsettet (både sentrale postar og driftsposter). Rådmannen får fullmakt til å fordele budsjettjusteringane i samsvar med. Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere seinare endringar i samsvar med nye finansieringspakkar vedtatt i Stortinget. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap.
7. Kyrkjeleg fellesråd har søkt om tilskot til dekking av ekstra kostnader knytt til korona. Rådmannen rår til at dette vert gitt som ei eingongsløyving og at 374 000 kr vert innarbeidd i Koronarekneskapen.
8. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2020 slik det går fram av investeringsoversikt som syner mindre/ meirforbruk, jmf. Kapittel 7.
9. Finansrapport, kapittel 8 vert tatt til orientering.

123/20: Ny organisering Nordhordland digitalt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

Alver formannskap 15.10.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 092/20 innstilling:

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling.

KO- 123/20 Vedtak:

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling, samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

124/20: Alver kommune si interne organisering i arbeidet med byvekstavtalen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune organiserer sitt interne arbeid med byvekstavtalen slik det blir lagt fram i saka

Alver formannskap 15.10.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 095/20 innstilling:

- Alver kommune organiserer sitt interne arbeid med byvekstavtalen slik det blir lagt fram i saka

Alver kommunestyre 29.10.2020:

Handsaming:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling.

KO- 124/20 Vedtak:

Alver kommune organiserer sitt interne arbeid med byvekstavtalen slik det blir lagt fram i saka

125/20: Endring av reglement for politisk styringsstruktur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reglement for politisk styringsstruktur blir endra på dei punkt som er lagt fram i saka.

Alver formannskap 24.09.2020:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 087/20 innstilling:

Reglement for politisk styringsstruktur blir endra på dei punkt som er lagt fram i saka.

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling.

KO- 125/20 Vedtak:

Reglement for politisk styringsstruktur blir endra på dei punkt som er lagt fram i saka.

126/20: Politisk møteplan 2021**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2021 slik den er lagt fram i saka.

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KO- 126/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2021 slik den er lagt fram i saka.

127/20: Stillingsstopp**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Rådmannen vidarefører administrativt innført stillingsstopp fram til og med kommunestyre i februar 2021. Rådmannen vil då legge fram ein ny vurdering basert på erfaringane så langt og innhaldet i kommunestyret sitt endelege vedtak av årsbudsjett og økonomiplan i møte 17. desember 2020.
2. Rådmannen handterer stillingsstoppen i tett dialog med politisk leiing mellom møta i formannskapet og med rapportering til formannskapet i kvart møte.
3. Stillingsstoppen gjeld stillingar som på kort sikt ikkje har konsekvensar for tenesteytinga mot innbyggjarane.

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Handsaming:**

På vegne av SP, AP, KRF og H sette Thomas Larsen (H) fram følgjande endringsframlegg:

Endre rådmannens første setning i punkt 1 til:

Kommunestyret viser til vedtak i Formannskapet i sak 88/20, og innfører stillingsstopp i administrative stillingar med umiddelbar verknad, fram til og med kommunestyremøtet i februar 2021.

Fellesframlegget vart sett opp mot rådmannen si sitt framlegg.

Fellesframlegget frå SP, AP, KRF og H vart samrøystes vedteke

KO- 127/20 Vedtak:

1. Kommunestyret viser til vedtak i Formannskapet i sak 88/20, og innfører stillingsstopp i administrative stillingar med umiddelbar verknad, fram til og med kommunestyremøtet i februar 2021. Rådmannen vidarefører administrativt innført stillingsstopp fram til og med kommunestyre i februar 2021. Rådmannen vil då legge fram ein ny vurdering basert på erfaringane så langt og innhaldet i kommunestyret sitt endelege vedtak av årsbudsjett og økonomiplan i møte 17. desember 2020.

2. Rådmannen handterer stillingsstoppen i tett dialog med politisk leiing mellom møta i formannskapet og med rapportering til formannskapet i kvart møte.

3. Stillingsstoppen gjeld stillingar som på kort sikt ikkje har konsekvensar for tenesteytinga mot innbyggjarane.

128/20: Kommunalt tilskot til politiske parti**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Alver formannskap 15.10.2020:**Handsaming:****Framlegg frå H, Sp, KrF og Ap ved T.Larsen-H:**

Alver kommune vil utdela kommunalt tilskot til politiske parti.^[1]^[2]Lindås-modellen blir innført som modell for utbetaling av partistøtte, i tråd med tabellen som er presentert i saka. Partistøtta skal ikkje indeksregulerast i denne valperioden.

Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 098/20 innstilling:

Alver kommune vil utdela kommunalt tilskot til politiske parti.^[1]^[2]Lindås-modellen blir innført som modell for utbetaling av partistøtte, i tråd med tabellen som er presentert i saka. Partistøtta skal ikkje indeksregulerast i denne valperioden

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Handsaming:**

Thomas Larsen (H) sette fram følgjande framlegg:

Saka vart utsett.

Kommunestyret vedtok samrøystes utsetjingsframlegget.

KO- 128/20 Vedtak:

Saka vert utsett.

129/20: Val av 3.vara til forliksrådet for Alver og Modalen**Valnemnda sitt framlegg vert lagt fram i møte:**

Forliksrådet for Alver og Modalen i perioden 2021-2025:

3.vara:

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Behandling:**

Øyvind Oddekav (AP) sette fram valnemnda sitt framlegg:

Forliksrådet for Alver og Modalen i perioden 2021-2025:

3. vara: Kristina Vakt skjold Hamre

KO- 129/20 Vedtak:

Forliksrådet for Alver og Modalen i perioden 2021-2025:
3. vara: Kristina Vakt skjold Hamre

130/20: Ungdomsråd - val av medlem og vara frå Danielsen ungdomsskule og Knarvik ungdomsskule**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ungdomsrådet 2020 – 2021 vert supplert med:

Frå Knarvik barneskule:

Medlem: Freya Grace Hagen med varamedlem: Benjamin Kvernberg

Frå Danielsen ungdomsskule

Medlem: Hedda Elise Førriisdahl Winther med varamedlem: _____

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Handsaming:**

Danielsen ungdomsskule har kome med framlegg om Jonas Gaulen Øren som vara til Ungdomsrådet.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til supplerings av Ungdomsrådet 2020-2021.

KO- 130/20 Vedtak:

Ungdomsrådet 2020-2021 vert supplert med:

Frå Knarvik ungdomsskule:

Medlem: Freya Grace Hagen - med varamedlem: Benjamin Kvernberg

Frå Danielsen ungdomsskule

Medlem: Hedda Elise Førriisdahl Winther - med varamedlem: Jonas Gaulen Øren

131/20: Melding/orientering til kommunestyret 29.10.2020**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 29.10.2020:**Handsaming:**

Leif Johnsen (MDG) sette fram følgjande framlegg til uttale knytt til "Høyring på forslag til reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen":

Framlegget er identisk med heile teksten i framlegget frå APM og FO med ei endring, "sone 3" er endra til "sone 2" begge stader i teksten.

Møteleiar Øyvind Oddekalv viste til at fristen for å gje uttale er gått ut og at dette er ei orientering til KS om innsendt høyringsuttale frå Alver kommune.

Møteleiaren tok opp som røystetema om dette er å sjå på som ei orientering eller om det skal gjerast vedtak.

Kommunestyret vedtok samrøystes at "Innsendt svar på høyring på forslag til reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen" er ei orientering til kommunestyret.

Leif Johnsen sette på denne bakgrunn fram følgjande protokollførsel:

Framlegget er identisk med heile teksten i framlegget frå APM og FO med ei endring, "sone 3" er endra til "sone 2" begge stader i teksten.

Ekstra orientering til kommunestyret:

- Arngunna Haga i NAV Alver orienterte om NAV sine sosiale tenester og tilbod - jf.interpellasjon KO møte i mai 2020 og utval for HO 13.10.2020.

Kommunestyret tok meldingar til orientering.

KO- 131/20 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.